

Førde, 21.09.2017

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Mjølsvik Kraft AS – Planendringssøknad for Mjølsvik kraftverk i Høyanger kommune

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 25.08.2017 og til planendringssøknaden som vi har lasta ned frå NVE sine nettsider.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.sftur.no/) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 7.847. Mjølsvik kraftverk ligg i Balestrand og Høyanger Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://bhtur.dnt.no/>

Generelle kommentarar til planendringssøknaden:

Planendringssøknaden har både positive og negative sider.

Positivt:

- Ein stor del av røyrigata vert lagd i borehol. Dette reduserer/fjernar landskapsinngrepa på den strekkinga der inngrepa etter den konsesjonsgjevne utbygginga ville vorte størst. Veldig bra!
- Anleggsvegen langs røyrigatetraseen vert kortare.

Negativt:

- Inntaket vert flytta oppover. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring er det vanskeleg for oss å ha bastante meiningar om konsekvensen av dette. Inntaket kjem nær innpå området for Heimestølen, og truleg blir det også meir synleg frå turstien oppover dalen. Slik vi vurderer det ut frå kart og foto, ser det likevel ikkje ut til at dei negative verknadene vert særleg store.
- Slukevna i kraftstasjonen vert auka. Dette reduserer «dynamikken» i elva ein del, og det kan vere uheldig både for fosseengene og for oppgangen av anadrom fisk. Slukevna er innafør det som er normalt for småkraftverk. Vi er usikre på kor negativ den auka slukevna er. For anadrom fisk er truleg overføringa av Strupefossvatnet til Østerbø kraftverk mykje verre, særleg om vinteren.
- Steindeponi. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring for å sjå på plasseringa av desse, er det vanskeleg for oss å seie kor negative desse blir. Vi kan berre ønskje oss at det blir færrest mogeleg deponi, og at terrenntilpassinga av dei blir så god som råd. NB! Bedømt ut frå kartet, er det svært lite ønskjeleg at Deponi 1 vert brukt! Kanskje er Deponi 3 best?

Konklusjon: Sannsynlegvis vert dei positive verknadane av planendringa like store eller større enn dei negative verknadene. Dette føreset god plassering og terrenntilpassing av steindeponia.

Ønskje i samband med NVE si handsaming av endringssøknaden:

Minstevassføring: Minstevassføringa må bli uendra: 200 l/s i perioden 01.05 – 30.09, og 70 l/s resten av året.



Kapasitet omløpsventil: I noverande konsesjon er denne kapasiteten sett til 500 l/s. Ettersom slukevna i kraftstasjonen no vert auka, bør omløpsventilen sin kapasitet aukast tilsvarande. Vårt framlegg er at den blir auka til 650 l/s.

Anleggsveg frå eksisterande vegar og opp til tunnelpåhogget: Denne anleggsvegen blir det truleg lite bruk for etter at anleggsperioden er slutt. For å redusere dei permanente inngrepa mest mogeleg er det derfor ønskjeleg at anleggsvegen enten vert fjerna heilt, eller at den vert omgjort til køyresterkt terreng (grøn veg) etter at anleggsarbeidet er ferdig. Vi ber NVE vurdere dette.

Avbøtande tiltak – inntak: Etersom inntaket truleg vert godt synleg frå Heimestølsområdet, ber vi om at det vert lagt ekstra stor vekt på opprydding og terrengtilpassing i og omkring inntaket/inntaksdammen.

Samandrag av Turlaget sitt syn på saka:

Etter ei samla vurdering, er Sogn og Fjordane Turlag positive til planendringssøknaden, men vi viser til ønskja våre ovanfor.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)